



Arkivnr: 2014/598-1

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring I - 2014

Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er så langt i år ikkje fordelt midlar frå denne budsjettposten.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd til saman 22 million kroner til vidareføring av tiltak / nye tiltak ved Bergen Maritime vgs, Austevoll vgs., Manger vgs, Austrheim vgs, Stord vgs og Odda vgs. Vidare er det behov for å få vedtatt justeringar knytt til finansiering av prosjekt knytt til tilrettelagt opplæring ved Stend vgs.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner slik fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande busjettendringar

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10	655.020.00	02320	03219 Bergen maritime vgs. skule – oppgradering vent./varme m.m.	10.000.000,-	
10	648.020.00	02320	03230 Austevoll vgs. – inneklima Manger Folkehøgskule –	6.000.000,-	
10	690.020.00	02320	03213 inneklima Austrheim vgs. – Rehab. /	2.300.000,-	
10	641.020.00	02320	02130 ombygging - Forprosjekt Odda vgs. – Rehab. / ombygging	700.000,-	
10	628.020.00	02320	02131 – Forprosjekt	700.000,-	
10	665.020.00	02320	03235 Stord vgs – Elanlegg Stend vgs. – Ombygging for	800.000,-	
10	646.020.00	02320	02127 tilrettelagt opplæring	1.500.000,-	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab, enøk og inneklima		22.000.000,-
				22.000.000,-	22.000.000,-

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Helge Haavardtun
Leiar

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 06.02.2014

Innleiing

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er så langt i år ikkje fordelt midlar frå denne budsjettposten.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

Bergen Maritime vidaregåande skule, oppgradering av ventilasjonsanlegg, nytt vassbore varmeanlegg, internkontroll elektro og universell utforming.

Prosjektet er omfattande og er primært knytt til inneklima og oppvarming ved skulen. Men ein tar og med seg Enøk, UU, rehabilitering med meir. Prosjektet er komplisert og må takast skritvis, mellom anna fordi framdrift må tilpassast skuledrifta som går parallelt.

Prosjektet vart starta opp i 2012 i fu-sak 107/12 med ei løyving på 7 million kroner til vifterom på taket, nye ventilasjonsaggregat, oppgradering av kantine samt nokre einskildrom. I 2013 vart prosjektet vidareført med samla løyvingar på totalt 16 million kroner. Desse midla er primært nytta til nytt anlegg for vassboren varme tilkobla fjernvarmeanlegg frå BKK, utbetring av vindu / fasade / Enøktiltak, ventilasjon, UU-tiltak, rehabilitering og oppgradering av einskildrom.

I år er planen å vidareføre prosjektet med å gjennomføre tilsvarande tiltak i første og andre etasje, hovudsakleg vestfasadar. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 10 million kroner til prosjektet. Det kan være aktuelt å be om meir pengar seinare i år, dersom ein får til ei framdrift som er høgare enn det ein no tek høgde for. Planen er å vidareføre arbeidet i 2015 og 2016 med tilsvarande tiltak i øvrige delar av skulen, inkludert maskinhall.

Austevoll vgs – Inneklima - Oppgradering av ventilasjonsanlegg og tak

Det er tidlegare løyvd til saman 1 million kroner til forprosjekt for ventilasjonsanlegg for kantine og gamlebygg, og til utbetring og etterisolering av tak. Skulen har og behov for å få gjennoppbygg areal etter brannen for nokre år sidan. Det er naturleg å koordinere dei ulike prosjekta i forhold til framdrift og aktivitet.

For gjennoppbygginga etter brannen vil det kome eiga løyving knytt oppgjer frå forsikringselskapet. I denne omgang ber ein difor om løyving for å gjennomføre oppgradering av ventilasjonsanlegget i gamlebygget. Ein rår til at det vert løyvd 6 million kroner til formålet. Då er det tatt høgde for einskilde bygningsmessige tiltak, ut over sjølve ventilasjonsanlegget.

Manger folkehøgskule hovud-/administrasjonsbygget, Inneklima - nytt ventilasjonsanlegg, oppgradering av varmeanlegg med el. installasjoner og automatikk.

Det er i tidlegare saker gjeve slike løyvingar til ulike tiltak ved Manger folkehøgskule:

I sak 199/11 vart det løyvd 0,375 million kroner, den løyvinga vart i hovudsak nytta til nytt ventilasjonsanlegg i underetasjen i Tekstilbygget.

I sak 227/12 vart det løyvd 1,25 million kroner til ventilasjonsanlegget i hovud-/ administrasjonsbygget, basert på kalkyle.

I sak 74/132 vart det løyvd 0,5 million kroner for å ivareta Enøk-tiltaka ved installasjon av nytt ventilasjonsanlegg, basert på kalkyle.

I sak 160/13 vart det løyvd 1,5 million kroner til oppgradering av elektriske anlegg. Denne løyvinga var basert på kalkyle. Det viser seg at dette arbeide vart meir omfattande enn venta, og at det ikkje er nok midlar til oppgradering av el. installasjonane i hovud-/administrasjonsbygget.

Ventilasjonsprosjektet er vorte noko forseinka men er no klart til å starta opp. Det vert behov for ei løyving på 2,3 million kroner for å få fullfinansiert ventilasjonsanlegget, og oppgradert varmeanlegg med elektrotekniske installasjonar, automatikk og noko bygningsmessig arbeid.

Kostnaden på 2,3 million kroner er basert på kalkyle og innkome tilbod.

Austrheim vgs. - Rehabilitering og mindre ombygging av Austrheim vidaregåande skule, forprosjekt.

Austrheim vidaregåande skule består av 2 byggetrinn frå 1972 og 1978. Bygget var i utgangspunktet eit industribygg som seinare er ombygd til skule. Det er no behov for ei større rehabilitering av bygget med tekniske installasjonar. I samband med ei eventuell rehabilitering blir det viktig å gjera enkelte bygningsmessige tilpassingar opp mot dagens behov.

For å få ei oversikt over omfanget må det utarbeidast eit forprosjekt som syner anbefalt løysing og økonomiske konsekvensar. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 0,7 million kroner til dette arbeidet. Kostnaden på 0,7 million kroner er basert på kalkyle.

Odda vgs. - Rehabilitering og mindre ombygging av Odda vidaregåande skule yrkesfagbygget, forprosjekt.

Yrkesfagbygget ved Odda vgs. er frå 1965. Det er no behov for ei større rehabilitering av bygget med tekniske installasjonar. I samband med ei eventuell rehabilitering blir det viktig å gjera enkelte bygningsmessige tilpassingar opp mot dagens behov.

For å få ei oversikt over omfanget må det utarbeidast eit forprosjekt som syner anbefalt løysing og økonomiske konsekvensar. Ein rår til at det i denne omgang vert løyvd 0,7 million kroner til dette arbeidet. Kostnaden på 0,7 million kroner er basert på kalkyle.

Stord vgs. - Utbetring av el anlegg med meir

Det lokale eltilsyn har hatt kontroll på Stord vgs. og funne fleire avvik. Avvika er knytt både til det elektriske anlegget generelt og til spesifikke elfordelingar. Vidare har ved eigenkontroll og funne andre avvik, mellom anna må ei utbetre lyset i ein verkstad,

Ein rår til at det vert løyvd 0,8 million kroner til prosjektet.

Stend vgs - Ombygging for tilrettelagt opplæring

Prosjektet har ei kostnadsramme på 32 million kroner. Prosjektet er i hovudsak finansert innanfor rammeløyvinga til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

I ft-sak 54/12 er det lagt til grunn at 7,4 million kroner av prosjektet skal finansierast ved å nytte ubrukete midlar frå salet av Mobergslien. Vedtaket var gjort med etterhald for godkjenning frå stiftelsestilsynet. Det syner seg at slik godkjenning ikkje er naudsynt, men ettertida har og vist at ubrukete midlar frå salet var 1,5 million kroner lågare enn lagt til grunn i saka. For å fullfinansiera kostnadsramma manglar ein difor 1,5 million kroner, og rår til at desse vert løyva frå inneverande års rammeløyving for ombygging – mindre tilbygg i skulesektoren.